

Fornøgde gutar ønskjer litt jobb.

29.08.2016



Dei tre gutane er svært fornøgd med måten dei er blitt mottekte i Uskedalen, men ønskjer seg nokre småjobbar.

Det var tre imøtekommende og fornøgde gutar som møtte meg då eg svinga nedom bufelleskapet på Stølen mandag ettermiddag. Både Abdul Ahad(15 år), Ataullah(15, snart 16) og Bashar(14) var allereie overbevist om at dei var komne til ei god bygd med snille folk og framfor alt veldig kjekke ungdommar.

- Vi er veldig glad for å vera her, var alle tre minst 100 % einige om. Abdul Ahad kom like før helga, medan dei to andre har vore her eit par veker. Sjølv om Abdul Ahad berre har vore her nokre dagar, er han på fornann med fleire nye venner han har fått i Uskedalen. Vennene møter dei på kunstgrasbanen, og så er det veldig kjekt å få besøk i helgene, fortel dei. Då likar dei godt å spela Fifa på Playstation.

Alle tre er godt i gang med skulen. Forløpig går dei i innføringsklassen på Husnes ungdomsskule, men når er blitt kartlagt som flinke nok i norsk, vil dei gå inn i vanlege klassar på Rosendal ungdomsskule. Eg kan i alle fall slå fast at dei er flinke å snakka norsk. Heile den hyggelege samtalens vår er nemleg på norsk. Det er inga stussing og ordvalet er tildels imponerande avansert. På fritida er fotball heilt topp, og begge dei to som kom først er allereie godt i gang på G15 og G14.

- Vi skal ha kamp i morgen, seier Bashar og gler seg til å spela saman med lagkameratane. Abdul Ahad er også interessert i fotball, og skal sjå på neste treninga til G15-laget.

Det er tre fornøgde gutar som er gjennomført positive. Det einaste dei nemner som dei kunne tenkt seg, er ein liten jobb. Når eg snakkar med gutane skjønar eg at dei har ei heilt anna jobberfaring enn det som er vanleg for jamaldrande her til lands. Dei har vore handverkarar, hjelpearbeidrarar og mekanikarar. Likevel er dei realistiske no, og tenkjer seg småjobbar. Dei nemner på gardsarbeid, bilvask, hagearbeid, måling, sauesanking eller hjelpa til med andre ting. Små jobbar i ny og ne. Dei ønskjer ikkje dette først og fremst for å tena pengar. Dei vil vera til hjelp og nytte for andre, dei vil læra gjennom å jobba og dei vil verta kjent med folk.

- Ja, og så håpar vi sjølsagt å spa litt pengar. Eg kunne tenkt meg å spa til ny mobil, seier den eine av dei tre arbeidsvillige og positive gutane.

Det inntrykket understrekker også fagkoordinator Vigdis Gammelsæther.

- Dei er så positive og arbeidsvillige, og dei er så innstilt på å tilpassa seg, rosar ho gutane før ho snur over til å rosa bygda for den gode mottakinga gutane har fått.

- Eg er så imponert over ungdommane i Uskedalen. Dei er berre heilt fantastiske. Det skaper så god stemning her, avsluttar ho og håpar verkeleg at gutane får ønskjet sitt om nokre småjobbar oppfylt. Dei som kan hjelpe til med dette, kan ta kontakt på tilsettetelefonane på Stølen 901 42 485 eller 902 21 838, enten ved å ringa eller ved sms.

PS: Etter dette vart skrive, spela Bashar og laget hans kamp tirsdag kveld. Han var svært fornøgd etter kampen, og det vart til og med siger til laget hans!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland